



Nordhordland Veteranbåtlag

5991 Ostereidet • www.nhvl.org • Konto 3640 07 25211

Meland kommune
Tenesteområde kultur
5906 Frekhaug

Ostereidet, 30. november 2015

D/S OSTER – rapportering for utbetaling av tildelte kulturmidlar

Nordhordland Veteranbåtlag (NHVL) vil takka Meland kommune for jamn og god støtte for å restaurere og tryggje båten si framtid som operativt maritimt kulturminne i Nordhordlands-regionen, seinast vedtak gjeldande Ålmenne kulturmidlar og tilskot til kulturminnevern 2015 meddelt i brev datert 26.5.2015.

Dei fleste vedlikehalds- og utbetringsprosjekta som var planlagt utført i 2015, og som låg til grunn for innsendt søknad, har blitt gjennomførte, stort sett til kostnader som stipulert. Nokre av prosjekta som låg til grunn for søknaden vil dog først bli avslutta i løpet vinteropplaget. Vi fekk ein tilleggskostnad for innkjøpt straumaggregat på kr. 183.000 – budsjettert 150.000 = Kr. 33.000. Denne meirkostnaden skuldast at styret meinte at D/S OSTER var betre tent med eit aggregat på 33,3 KVA framfor eit på 28,1 KVA. Tilskotet frå Meland kommune på kr. 5000 vil vere eit viktig bidrag til dekking av innkjøpt straumaggregat inkl. meirkostnad.

Vi håpar at denne korte tilbakemeldinga gjev eit fyllestgjerande inntrykk av det prosjekt-arbeidet som er utført og at utbetaling av det løyvde beløpet for 2015 på kr. 5.000 kan skje til NHVL sin konto nr. 3624.07.25211.

Med vennleg helsing

Kjell Nedreaas

Styremedlem

Koordinator for finansiering og økonomi



T R A D I S J O N • K Y S T K U L T U R • D / S O S T E R

